

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2021-0449	<b>Søknadsår</b>	2021	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Nærings- og utviklingsfond for utsette område			
<b>Prosjektnamn</b>	Innovative lokale løysingar gjennom designtenking			

### Kort samandrag

Aurland kommune søker om tilskot til gjennomføring av designdreven innovasjon som sikrer god medverknad frå lokalsamfunn og næringsliv i arbeid lokal oppfølging av regionale og nasjonale planar og strategiar for reiseliv. Innovative lokale løysingar skal bidra til å realisere mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel, regional plan for næring og innovasjon, ny nasjonal strategi for reislivet og masterplan for reisemål Sogn.

### Beskriv omstillingsutfordringane og bakgrunn for prosjektet

Pandemien har ført til stor arbeidsløyse i Aurland. Det er ein fare for at den positive utviklinga som har vore i folketalet dei siste åra forsvinn fordi folk ikkje lenger har tilbod om heilårsarbeid. Stortinget vedtok nyleg ambisiøse mål om nullutslepp i verdsfjordane innan 2026. Pandemien har gjort at cruisenæringa har stoppa opp og det er usikkerheit om ny teknologi vert utvikla raskt nok til å møte kravet om nullutslepp i 2026. Reiselivet må omstille seg til nye marknader og ta i bruk ny teknologi. Elektrifisering er til dømes aktuelt på fleire område. På kort sikt er det ein prioritet lokalt å gjenreise reiselivet og bidra til grønn omstilling i reiselivet.

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Prosjekteigar</b>	Aurland kommune Org.nr:964968063	Vangen 1 5745 AURLAND	47674567
<b>Kontakt</b>	Norunn Haugen	Vangen 1	47674567

## Prosjektbeskrivelse

### Prosjektbeskriving

Aurland kommune ynskjer å nytte verktøy for designtenking i sitt samfunnsutviklingsarbeid (jf. DOGA sin guide til designtenking <https://doga.no/verktoy/hva-er-design-thinking/hva-krever-design-thinking-av-virksomheten/>). Saman med lokalsamfunn, næringsliv og aktuelle samarbeidspartar skal vi sette innbyggjar og gjest i sentrum og komme fram til innovative lokale løysingar som bidreg til å realisere lokale og regionale planar.

Aurland kommune har blitt hardt råka av nedstenging på grunn av pandemi. På lengre sikt vil ei omstilling til eit mindre einssidig næringsliv vere ein viktig strategi for Aurland kommune. På kortare sikt er det prioritert å gjenreise reiselivsnæringa og samstundes bidra til grønn omstilling lokalt.

Gjennomføring av regionale og nasjonale planar og strategiar for reislivsutvikling set store krav og forventingar til kommunal tilrettelegging. Gjennom prosessen med designtenking skal kommunen si tilpassing i større grad bli tilpassa næringslivet og lokalsamfunn sine behov og ynskjer. Metoden skal sikre at gode idear i større grad vert til handling. Aktuelle problemstillingar kan vere knytt til endra verkemiddelbruk, bærekraftige transportløysingar og parkering, avfallshandtering, skilting, rekruttering og kompetanse eller infrastruktur.

I den første fasen med planlegging av prosjektet må innsatsområde avgrensast. Avgrensinga må skje i samråd med næringsaktører og lokalsamfunn.

### **Effektmål**

Målsettingane i kommuneplanen om auke i folketalet, mangfald i næringslivet, heilårsarbeidsplassar og bærekraftig samfunnsutvikling er overordna målsettingar i prosjektet. Viktige effektmål er forankra i Masterplan for Sogn: "Bærekraftig reiseliv som tek vare på natur- og kulturverdiane våre, styrkar dei sosiale verdiane og får fram stoltheita i lokalsamfunna våre, utviklar nye arbeidsplassar og sikrar ei verdiskaping som gjer reislivsnæringa økonomisk levedyktig"

### **Resultatmål**

Sikre realisering av lokale og regionale planar for næringsutvikling, innovasjon og reiseliv gjennom designdreven innovasjon (Designtenking). Resultatmål i prosjektet er at vi får prøvd ut og evaluert nye lokale løysingar som har nytte for innbyggjar og gjest.

### **Tiltak som skal legge til rette for omstilling og utvikling**

Ved å nytte designtenking som verktøy skal vi finne fram til lokale løysingar/tiltak som bidreg til gjennomføring av lokale og regionale planar for grønn omstilling og bærekraftig reiseliv. DOGA sin rettleiar for designtenking er eit relevant utgangspunkt. Kommunen vil nytte tilskotet til å kjøp ekstern prosessrettleiing og finansiering av aktivitetar i møte og arrangement i prosjektet.

### **Grupper tiltaka skal rettast mot (føretak, næring, arbeidstakarar etc.)**

Kommunalt tilsette innan t.d. forvaltning og utvikling, teknisk, kultur og landbruk

Privat næringsliv og næringsråd

Frivillige lag og organisasjonar i grendene

Kommunale og regionale næringsutviklingsaktørar

Innbyggjarar og gjester er "brukarane" i designprosjektet.

### **Tiltaka si forankring i kommunale eller regionale næringsplanar**

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Nasjonal reiselivsstrategi (framlegg frå IN)

Masterplan for reisemål Sogn

Regionalplan for Sogn regionråd

### **Prosjektorganisering**

Prosjekteigar: Aurland kommune ved rådmann

Prosjektansvarleg: Aurland kommune ved leiar for forvaltning og utvikling

Prosjektleiar: Næringsrådgjevar i kommunen

Prosjektgruppe: Kommunalt tilsette, privat næringsliv, frivillige lag og organisasjonar

Referansegrupper: Relevante aktørar som ikkje er med i prosjektgruppa t.d. Folkevalde

### **Samarbeidspartnarar**

Aktuelle samarbeidspartar:

Privat næringsliv

Bygdelag i grendene

Visit Sognefjord

Vestland Fylkeskommune

### **Tids-/milepælsplan**

Startdato: 01.09.2021 Sluttdato: 31.12.2022 Milepælsplan vedlagt søknad: Nei

Toårig prosjekt med desse milepælane:

Innan 01.09.21 avklare finansiering og forankring av prosjektet

Innan 01.09.21 avtale om prosessrettleiing

Innan 01.10.21 planlegge prosess og rekruttere deltakarar til arbeidsgrupper.

Innan 01.10.21 -01.10.22 prosjektperiode

Innan 31.12.22 sluttrapportering og evaluering

### **Kostnad-/finansieringsplan**

**Mottatt offentlig støtte tidligere:**Nei

**Kostnadsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>SUM</b>
Arrangement, møte	50 000	200 000				250 000
Eigen innsats/lønnskostnader	100 000	400 000				500 000
Tenestekjøp	200 000	300 000				500 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>350 000</b>	<b>900 000</b>				<b>1 250 000</b>

**Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>SUM</b>
* Nærings- og utviklingsfond	250 000	500 000				750 000
Eigeninnsats, eignemidler	100 000	400 000				500 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>350 000</b>	<b>900 000</b>				<b>1 250 000</b>

Det er lagt inn ramme for eigeninnsats frå kommunalt tilsette på 100.000 i 2021 og 400.000 i 2022. Dette utgjer ca 150 timar i 2021 og 550 timar i 2022. Dette gjeld både timar til prosjektadministrasjon og til deltaking i arbeidsgrupper.

**Geografi**

4641-Aurland

**Vedleggsliste**

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>